

Sommarfest på Hundvin

LINDÅS: For tredje gong inviterer UL Nybrot til sommarfest og dans med "Gunslingers" i ungdomshuset på Hundvin. Bandet spelar Country-musikk og har med musikarar frå Nordhordland. Bandet har vore oppvarmings-band for "Vassendgutane", og deira eigen Cd har fått god mottaking.

- Gunslingers er eit showband som satsar på god underhaldning der dei set sarsertige tekstar på tøffe songar. Det er mange likskapstrekk til Vassendgutane, men uansett dette svingar og får dansefoten til og springa, seier Frode Sylta i UL Nybrot. Han håpar folk i Nordhordland som er glad i god Country-musikk og god dansemusikk tar turen innom ungdomshuset på Hundvin 7. juni.

Får ubåt-info

FEDJE: Fedje-ordfører Kristin Handeland og rådmann Vidar Bråten skal denne veka til Horten for å bli informert om anbuds-prosessen i samband med ubåt-hevinga. Kystverket jobbar no vidare med tre anbod, og dette arbeidet skal vera ferdig 4. august. Då skal Fiskeri- og kystdepartementet også få Kystverket si innstilling til om ubåten bør hevast eller tildekkast.

- Vi er veldig spente på kva Kystverket sin konklusjon blir, seier Kristin Handeland. Fedje-ordføraren er godt tilfreds med måten Kystverket held kommunen løpande orientert om ubåt-prosessen. Også fylkesvaraordfører Tom Christer Nilsen blir med Fedje-leinga til Horten.

Frå bussjåfør til "muskelmann"

LINDÅS: Bussjåfør Remi Stamnes har taket på stive musklar. Han planlegg difor å gje slepp på rattet til fordel for muskelterapi.

BENTE SEMMINGSEN FIVELSDAL

Remi Stamnes frå Hjelmås jobber for tida som bussjåfør. Men har tidlegare gått 3 år på fysioterapitidie. No er han i gang med utdanning som muskelterapeut, og han er allereie utdanna massør.

- Åh, du er flink, seier Jenfrid som melder seg kjapt og hoppar galant opp på konferansepulten og får løyst opp nokre nakkeknuter når Remi presenterer sin forretningside i praksis.

- Kortid kan eg bestilla time? Dette var fantastisk!

- No er det for så vidt berre eigna lokale som manglar, helst i Knarvik-området, seier Remi Stamnes som er klar til å setja ideen sin ut i live.

Dyrkar gründarar

Gartnarane i Mongstad Nærings- hage, Solveig Lerøy og Kari Evensen Natland frå Regionrådet steller godt med grunderspirane i etablererwerkstaden.

- Dei er våre mentorar og gir oss inspirasjon til å veksa, seier Jenfrid Stellberg og Aina Fjellanger. Dei er storfornøgd med oppfølginga og hjelpa dei har fått i prosessane med å starta opp eiga bedrift.

Fokus på interiør

Eit mangfald av forretningsidear vart presentert på siste samlinga i Mongstad Næringshage.

"Molly Me" har drive kles- og interiørbutikken i snart to månader i Lindås Senter.

- Utrolig kjekt å kunne styra si eige arbeidstid, og når det er roleg i butikken er det symaskina som durar i veg med ulike saumoppdrag, fortel gründar Aina Fjell-

anger.

På Vågseidet nærmar det seg den magiske opningsdatoen 08.08.08 for hotell "Lune huler". - Vi kjempar med tida, men har som mål å vera nokonlunde klare på opningsdagen, seier stolt og engasjert hotell-byggjar Jenfrid Stellberg. - Investeringa totalt er på om lag 10 millionar og med eit stort behov for overnatting i regionen i åra framover, har eg tru på at dette er ei rett satsing, seier ho og inviterer interiørkonsulent Siri Vatle Vaage innom for å hjelpa til med å sjå på smarte innreingsløyningar.


Tonen i gruppa er svært humørfyllt og god.

- Vi lærer utrolig mykje av kvarandre i denne fasen av etablerer-prosessen, seier Siri Vatle Vaage. Ho viser fram teikningar til ein lokal frisørsalong som ønskjer eit par nye og praktiske arbeidsplassar og "oppfresjing" av lokalet.

Opererer under vatn

Neste gründar tok oss med under vatn. Rolf Vik jobbar som plattformsjef i Nordsjøen, men likar å bryna seg på andre områder òg.

- Eg har investert i ein ROV, det vil sei ein robot som gjer undersøking av forholda under havflata. Saman med kart og måleinstrument kan eg utføra kartlegging av havbotn til ulike føremål. Om ein til dømes skal leggja ein rørleidning langs havbotn, kan ei kartlegging med dette utstyret finna den best egna trasèen, forklarar Vik.



BUSSJÅFØR MED GODT HANDLAG: - Åh, dette var fantastisk, seier Jenfrid Stellberg når "muskelmannen" Remi Stamnes løysar opp nokre harde nakkeknutar.

Mongstad næringshage

KREATIVE ETABLERARAR: I etablererwerkstaden deltok Solveig Lerøy frå Mongstad Næringshage, Rolf Vik frå Vik Undervannsinnspeksjon, Kari Evensen Natland frå regionrådet, Remi Stamnes som går frå å vera bussjåfør til muskelterapeut, Jenfrid Stellberg som opnar hotell "Lune Huler" på Vågseidet, Siri Vatle Vaage som er interiørkonsulent, og Aina Fjellanger som nyleg starta "Molly Me" butikken i Lindås Senter.

